

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 23.04.2024

**Vår ref.:** 201913014-31 og 202320330-4 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **Høyring av revisjonsdokument for Røldal-Suldal-reguleringa i Ullensvang og Suldal kommunar, og søknad om konsesjon til bygging av fem nye kraftverk i dei same vassdraga**

Revisjonsdokument og søknad sendast no ut på offentleg høyring.

NVE vedtok den 17.03.2022 at konsesjonsvilkåra for reguleringa av Røldal-Suldalvassdraget skal reviderast. På bakgrunn av kravet om vilkårsrevisjon frå Ullensvang og Suldal kommunar og føringar frå NVE har RSK DA utarbeida eit revisjonsdokument som omtalar reguleringane, og vurderer dei ulempene ein er kjent med.

I tillegg har RSK DA sendt inn ein søknad om konsesjon til å bygge og drive Røldal 2 pumpekraftverk, Novle 2 pumpekraftverk, Kvanndal 2 pumpekraftverk, Suldal 2B kraftverk og Nordmork kraftverk. Kraftverka vil utnytte dei same reguleringsmagasina som eksisterande kraftverk, men gje ein langt meir fleksibel produksjon av kraft.

RSK DA søkar òg om ekspropriasjonsløyve for naudsynt grunn og rettar for å byggje og drive dei nye kraftverka.

Både vilkårsrevisjonen og søknaden om konsesjon skal handsamast etter vassdragsreguleringslova.

### **Her finn du revisjonsdokumentet og søknaden**

Søknaden med fagrapportar og revisjonsdokumentet med vedlegg er tilgjengelege på NVE sine nettsider [www.nve.no/8571/V](http://www.nve.no/8571/V) og [www.nve.no/9236/V](http://www.nve.no/9236/V).

Vi ber Ullensvang og Suldal kommunar om å kunngjere saka på sine heimesider fram til 31.08.2024. Saken blir kunngjort i Hardanger Folkeblad og Suldalsposten.

### **Slik sender du inn fråsegn**

Du kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på sakene sine nettsider ([www.nve.no/8571/V](http://www.nve.no/8571/V) for vilkårsrevisjonen og [www.nve.no/9236/V](http://www.nve.no/9236/V) for søknaden)



- via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no) (merk e-posten med «Fråsegn» og saksnummer 201913014 (vilkårsrevisjonen) eller 202320330 (søknaden) i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga i fall du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Fråsegn» og saksnummer 201913014 (vilkårsrevisjonen) eller 202320330 (søknaden) i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga i fall du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er

**31.08.2024**

Fråsegner eller deler av fråsegner vil bli referert i NVE si tilrådinga til Energidepartementet (ED). Om fråsegna er lang er det difor ein fordel om det er utarbeida eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument leggjast ut på NVE sine nettsider.

## **Invitasjon til offentlig informasjonsmøte**

I samband med høyringa av revisjonsdokumentet og søknaden vil NVE arrangere offentlege informasjonsmøte:

**Måndag 10.06.2024 kl. 19 i Øvre Suldal Samfunnshus på Nesflaten**

**Tysdag 11.06.2024 kl. 19 i Røldal Grendahus i Røldal.**

På baa møta vil NVE orientere om sakshandsaminga av vilkårsrevisjonen og konsesjonssøknaden, og RSK DA vil gjere greie for moglege nye avbøtande tiltak, og orientere om planane og konsekvensane av ei mogleg utbygging. Det vil òg være mogleg å stille spørsmål til NVE og RSK DA. Møta er opne for alle.

## **Søknad om kraftnett**

I samband med dei nye kraftverka vil det være naudsynt med nokre oppgraderingar av kraftnettet. Søknad om dette vil bli sendt ut på høyring når NVE har mottatt den.

Med helsing

Ingrid Haug  
fagleiar

Jakob Fjellanger  
senioringeniør

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

**Vedlegg:**

Kopi av kunngjering

**Mottakarliste:**

Vannregion Ryfylkeheiene - Jarle Lunde  
Suldal jakt- og fiskelag - Bjørn Johannes Tveit  
STATENS VEGVESEN  
ROGALAND FYLKESKOMMUNE  
ROGALAND FYLKESKOMMUNE - Anneli Vatshaug Jenssen  
STATSFORVALTEREN I ROGALAND  
Den Norske Turistforening  
Suldal kommune  
Statskog Sør-/Vestlandet  
Norges Bondelag  
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
STATNETT SF  
Stavanger Turistforening Hovedkontor  
NORGES NATURVERNFORBUND  
MILJØDIREKTORATET  
Norske Lakseelver  
Naturvernforbundet i Rogaland  
Haugesund Turistforening  
NATURVERNFORBUNDET HORDALAND  
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold  
Mattilsynet  
NHO Reiseliv Region Vest-Norge  
WWF Norge AS  
Norsk Ornitologisk Forening Rogaland  
Forum for natur og friluftsliv Rogaland  
Fortidsminneforeningen Rogaland fylkesavdeling  
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND ROGALAND  
Fortidsminneforeningen i Hordaland  
Ryfylke friluftsråd  
Stavanger maritime museum  
FAGNE AS  
Kjetil Nærheim  
Norsk Friluftsliv  
Røldal fjellstyre  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
ULLENSVANG KOMMUNE  
Røldal Grunneigarlag  
Bergens Sjøfartsmuseum  
Olav Rabbe



**Kopimottakarliste:**

RIKSANTIKVAREN

Energidepartementet